



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
17/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	15.03.2022
14/2022	Kommunestyret	PS	29.03.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kenneth Stokke		22/266

INNKJØPSSTRATEGI VAKSDAL KOMMUNE

Vedlegg:

Innkjøpsstrategi Vaksdal Kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkjøpsstrategi for Vaksdal kommune vert vedteke slik den ligg føre.

Tilleggforslag fra Arbeiderpartiet, ført inn i møteportalen av Thor Andersen:

Følgende punkt blir innarbeidet i dokumentet.

- Ved anbudsutsettelse skal krav om tariffavtale for alle som utfører arbeidet på prosjektet gjelde (iht kommunestyrevedtak 70.2017)

Det skal gjennomføres nødvendig kontroll av om kravene til tariffspørsmål, som en del av kontraktoppfølgingen gjennom hele byggeperioden

Tilleggforslag fra Arbeiderpartiet, ført inn i møteportalen av Thor Andersen:

Følgende punkt blir innarbeidet i dokumentet

- Rammeavtaler for kjøp av tjenester på arbeid vi i dag utfører i egnen regi, skal til politisk behandling før avtale inngås.

Tilleggforslag frå SV, Sp og Høgre, ført inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes, SV:

Større byggeprosjekt i regi av Vaksdal kommune.

1. Kommunestyret set krav i innkjøpsstrategien at vald hovudentreprenør skal ha tariffavtale jfr. Kommunestyrevedtak i sak 70/2017

Det skal gjennomførast naudsynt kontroll til tariffspørsmål som del av oppfølging av kontrakt kommunen får gjennomført i byggeperioden.

2. Eigenregi.

Alle kjøp under terskelverdi skal vurderast om det er mogleg å utføre arbeidet i eigenregi.

Tilleggsforslag frå Høgre, ført inn i møteportalen av Amalie Johnsen Lunde:

Kommunestyret ber om at strategien skal gjelde frå 2022-2025.

Kommunestyret ber om at følgjande blir innarbeida i innkjøpsstrategien:

- Vaksdal kommune skal vurderast å dela opp i delkontrakter, slik at det er høve å gje tilbud og for mindre bedrifter.
- Vaksdal kommune skal, der det er formålsteneleg, nytta kriterier som miljø, leveringstid, tilgjengelighet el. i tillegg til pris.
- Vaksdal kommune skal auka kompetansen om klimavenlege innkjøp.
- Vaksdal kommune skal etterspørre anerkjente miljømerker og miljødeklarasjoner
- Vaksdal kommune skal innføre rutinar for oppfølging av krav knytt til lærlingar som ein del av kontraktsoppfølginga
- Vaksdal Kommune skal vurderast å bli ein samarbeidspartar til Fair Play Bygg og Anlegg.

Kommunestyret ber om orientering frå Fair Play Bygg og anlegg Vestland i forbindelse med vurderinga av å bli samarbeidspartnar.

Tilleggsforslag frå SV og Ap, ført inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes, SV:

Innkjøp og rammeavtalar.

Vaksdal kommune ønskjer eit seriøst arbeidsliv. Alle anbuds konkurransar som vert lyst ut over terskelnivå, skal evaluerast etter eige tildelingskriterium om tariffavtale. Etter kontrakten sin storleik kan dette tildelingskriterium telje 5 til 10 prosent av totalevalueringa.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 17/2022

FPØ - Behandling:

Tilleggsframlegg frå Thor Andersen, AP:

- *Vaksdal Kommune også ha en uttalt strategi om å handle lokalt der det er mulig innenfor lovverk og inngåtte kontrakter.*
- *Ved anbudsutsettelse skal krav om tariffavtale for alle som utfører arbeidet på prosjektet gjelde (iht kommunestyrevedtak 70.2017)*
- *Rammeavtaler for kjøp og tjenester som er planlagt i Vaksdal kommune skal behandles politisk.*
- *Det skal gjennomføres nødvendig kontroll av om kravene til tariffspørsmål som en del av kontraktoppfølgingen.*

Tilleggsframlegg frå Kjartan Haugsnes på vegner av SV, SP, H:

Hovedmålsetting: Vaksdal kommune legg FNs bærekraftsmål til grunn for alle innkjøp.

Vi ber om at følgjande punkt vert innarbeida i innkjøpsstrategi for Vaksdal kommune.

- Målsetting om auka bruk av lokale verksemder.
- Synleggjering av konkurransar i lokale media og på eigen heimeside
- Kommunen skal syte for at det vert halde kurs for lokale verksemder i Doffin årleg/ved behov
- Utarbeide eit appendiks med terskelverdiar.
- Evaluere strategien årleg
- Gjere Vaksdal kommune sin strategi kjent for innkjøpsamarbeid kommunen deltek i.

Røysting

Det vart først røysta over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak - dette vart samrøystes vedteke

Dei to tilleggsframlegga vart røysta over punkt for punkt:

Framlegget frå Kjartan Haugsnes:

- Punkt 1: samrøystes vedteke
- Punkt 2: samrøystes vedteke
- Punkt 3: samrøystes vedteke
- Punkt 4: samrøystes vedteke
- Punkt 5: samrøystes vedteke
- Punkt 6: samrøystes vedteke
- Punkt 7: samrøystes vedteke

Framlegget frå Thor Andersen:

- Punkt 1 fekk 2 røyster (AP) og fall
- Punkt 2 fekk 3 røyster (AP, SV) og fall
- Punkt 3 fekk 2 røyster (AP) og fall
- Punkt 4 fekk 3 røyster (AP, SV) og fall

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Innkjøpsstrategi for Vaksdal kommune vert vedteke slik den ligg føre, med følgjande tillegg:

Hovedmålsetting: Vaksdal kommune legg FNs bærekraftsmål til grunn for alle innkjøp.

Vi ber om at følgjande punkt vert innarbeida i innkjøpsstrategi for Vaksdal kommune.

- Målsetting om auka bruk av lokale verksemder.
- Synleggjering av konkurransar i lokale media og på eigen heimeside
- Kommunen skal syte for at det vert halde kurs for lokale verksemder i Doffin årleg/ved behov
- Utarbeide eit appendiks med terskelverdiar.
- Evaluere strategien årleg
- Gjere Vaksdal kommune sin strategi kjent for innkjøpsamarbeid kommunen deltek i.

KOM - Behandling:

På vegne av Ap la Thor Andersen fram følgjande tilleggsforslag:

Følgende punkt blir innarbeidet i dokumentet.

- Ved anbudsutsettelse skal krav om tariffavtale for alle som utfører arbeidet på prosjektet gjelde (iht kommunestyrevedtak 70.2017)

Det skal gjennomføres nødvendig kontroll av om kravene til tariffspørsmål, som en del av kontraktoppfølgingen gjennom hele byggeperioden

Følgende punkt blir innarbeidet i dokumentet

- Rammeavtaler for kjøp av tjenester på arbeid vi i dag utfører i egnen regi, skal til politisk behandling før avtale inngås.

På vegner av SV, Sp og Høgre la Kjartan Haugsnes, SV fram følgjande tilleggsforslag:

Større byggeprosjekt i regi av Vaksdal kommune.

1. Kommunestyret set krav i innkjøpsstrategien at vald hovudentreprenør skal ha tariffavtale jfr. Kommunestyrevedtak i sak 70/2017

Det skal gjennomførast naudsynt kontroll til tariffspørsmål som del av oppfølging av kontrakt kommunen får gjennomført i byggeperioden.

2. Eigenregi.

Alle kjøp under terskelverdi skal vurderast om det er mogleg å utføre arbeidet i eigenregi.

På vegner av SV og Ap, la Kjartan Haugsnes, SV fram følgjande tilleggsforslag:

Innkjøp og rammeavtalar.

Vaksdal kommune ønskjer eit seriøst arbeidsliv. Alle anbuds konkurransar som vert lyst ut over terskelnivå, skal evaluerast etter eige tildelingskriterium om tariffavtale. Etter kontrakten sin storleik kan dette tildelingskriterium telje 5 til 10 prosent av totalevalueringa.

På vegne av Høgre la Amalie Johnsen Lunde fram følgjande tilleggsforslag:

Kommunestyret ber om at strategien skal gjelde frå 2022-2025.

Kommunestyret ber om at følgjande blir innarbeida i innkjøpsstrategien:

- Vaksdal kommune skal vurderast å dela opp i delkontrakter, slik at det er høve å gje tilbud og for mindre bedrifter.

- Vaksdal kommune skal, der det er formålsteneleg, nytta kriterier som miljø, leveringstid, tilgjengelighet el. i tillegg til pris.

- Vaksdal kommune skal auka kompetansen om klimavenlege innkjøp.

- Vaksdal kommune skal etterspørre anerkjente miljømerker og miljødeklarasjoner

- Vaksdal kommune skal innføre rutinar for oppfølging av krav knytt til lærlingar som ein del av kontraktoppfølginga

- Vaksdal Kommune skal vurderast å bli ein samarbeidspartar til Fair Play Bygg og Anlegg.

Kommunestyret ber om orientering frå Fair Play Bygg og anlegg Vestland i forbindelse med vurderinga av å bli samarbeidspartnar.

Arbeidarpartiet ba om gruppemøte. Ordførar samtykka.

Røysting

Forslag til vedtak med tilleggsforslag vart røysta over punktvis.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Arbeidarpartiet sitt tilleggsforslag, punktet krav om tariffavtale, fekk 7 stemmer (Ap, Krf) og falt.
Arbeidarpartiet sitt tilleggsforslag, punktet krav om politisk behandling av rammeavtaler, fekk 7 stemmer (Ap, Krf) og falt.

SV,Sp og Høgre sitt tilleggsforslag, punkt 1 vart vedteke med 17 stemmar for og 4 stemmer mot (Thor Andersen, Ap, Heidi Rongved, Ap, Anne Christin Eide, Ap og Arne Normann, Krf).

SV,Sp og Høgre sitt tilleggsforslag, punkt 2 vart samrøystes vedteke

Høgre sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

Sv og Ap sitt tilleggsforslag vart vedteke med 11 stemmer (Krf, SV og Ap) for og 10 stemmer mot (H,Sp,Frp).

KOM - Tilråding/Vedtak:

Innkjøpsstrategi for Vaksdal kommune vert vedteke slik den ligg føre.

Med følgjande tillegg:

Større byggeprosjekt i regi av Vaksdal kommune.

1. Kommunestyret set krav i innkjøpsstrategien at vald hovudentreprenør skal ha tariffavtale jfr. Kommunestyrevedtak i sak 70/2017

Det skal gjennomførast naudsynt kontroll til tariffspørsmål som del av oppfølging av kontrakt kommunen får gjennomført i byggeperioden.

2. Eigenregi.

Alle kjøp under terskelverdi skal vurderast om det er mogleg å utføre arbeidet i eigenregi.

Kommunestyret ber om at strategien skal gjelde frå 2022-2025.

Kommunestyret ber om at følgjande blir innarbeida i innkjøpsstrategien:

- Vaksdal kommune skal vurderast å dela opp i delkontrakter, slik at det er høve å gje tilbod og for mindre bedrifter.

- Vaksdal kommune skal, der det er formålsteneleg, nytta kriterier som miljø, leveringstid, tilgjengelighet el. i tillegg til pris.

- Vaksdal kommune skal auka kompetansen om klimavenlege innkjøp.

- Vaksdal kommune skal etterspørre anerkjente miljømerker og miljødeklarasjoner

- Vaksdal kommune skal innføre rutinar for oppfølging av krav knytt til lærlingar som ein del av kontraktsoppfølginga

- Vaksdal Kommune skal vurderast å bli ein samarbeidspartar til Fair Play Bygg og Anlegg.

Kommunestyret ber om orientering frå Fair Play Bygg og anlegg Vestland i forbindelse med vurderinga av å bli samarbeidspartnar.

Innkjøp og rammeavtalar.

Vaksdal kommune ønskjer eit seriøst arbeidsliv. Alle anbuds konkurransar som vert lyst ut over terskelnivå, skal evaluerast etter eige tildelingskriterium om tariffavtale. Etter kontrakten sin storleik

kan dette tildelingskriterium telje 5 til 10 prosent av totalevalueringa.

Saksopplysningar:

Formelt grunnlag

Lov om offentlig anskaffelse

Forskrift om offentlig anskaffelse (FOA)

Bakgrunn for saka

Innkjøpsstrategien har som formål å beskrive mål og strategiar for korleis Vaksdal Kommune skal opptre profesjonelt i sine innkjøp. Strategien skal også gjere at kommunen opptre føremålseffektivt og samfunnsbevisst i sine anskaffingar, i tråd med gjeldene regelverk om offentlege anskaffingar. Strategidokumentet skal legge føringar for strategiske val på eit overordna nivå, og er meint å vere ein rettleiar for korleis Vaksdal kommune skal sikre gode innkjøp og nytta ressursane sine effektivt.

Kommunenes innkjøpsvirksomhet er betydeleg. Alt som ikkje blir gjennomført i eigenregi, blir kjøpt som varer, tenester, bygg eller anlegg. Slike kjøp utgjer enten innsatsfaktorer til kommunens eigen tenesteproduksjon, eller som erstatning for eigen produksjon. Kjøp av varer og tenester er, etter løn, kommunens største utgiftspost.

Offentlige anskaffingar utgjør ein vesentlig del av ressursene i samfunnet og det er stort fokus på dette området. Innkjøp i offentlig sektor er underlagt Lov om offentlige anskaffelser, og lovens formål er beskrevet i §1:

«Loven skal fremme effektiv bruk av samfunnets ressurser. Den skal også bidra til at det offentlige opptre med integritet, slik at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenlig måte».

Lov om offentlege anskaffelser saman med forskrift om løns og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar, inneheld fleire bestemmelser som pålegg offentlege innkjøpere å ta hensyn til miljø, arbeidsforhold og sosiale forhold ved gjennomføring av sine anskaffingar. Samtidig må kommunen bruke anskaffelsene som eit bevisst og strategisk verktøy for å bidra til samfunnsansvar, verksemdsutvikling og innovasjon.

Vaksdal kommune føretek investeringar innafør ulike områder som utgjer ein betydeleg del av det totale budsjettet. Ein strategisk styring av innkjøpene er derfor viktig for kommunens totale måloppnåing. Ein innkjøpsstrategi er eit viktig redskap og hjelpemiddel i kommunens arbeid med å ivareta sitt samfunnsansvar og bidra til å løyse viktige samfunnsutfordringar. Innkjøpsstrategien skal også sikre eit felles grunnlag for gjennomføring av anskaffelser og sikre effektiv ressursbruk.

Vaksdal kommune samarbeider med mellom anna Bergen kommune og IKT Nordhordland på store og viktige områder. Dette gjeld alt frå kontorrekvisita, IKT utstyr til møblar og inventar. Regelverket som regulerer offentlege innkjøp er derfor ivareteke gjennom desse samarbeida. På eigne store anbod, som til dømes byggeprosjekt, knytt kommunen til seg ekstern kompetanse som gjer at regelverk og strategiar blir fylgt. Dette er viktig for å sikre at regelverk blir fylgt, at leverandørane blir behandla i tråd med gjeldande regelverket og at kommunen minimerer risikoen for klagesaker etc.

På nokre område er det føremålstenleg at kommunen inngår rammeavtaler. Det er ikkje tatt inn som

eige punkt i innkjøpsstrategien då dette er ein avtaletype, etter at kommunen har gjennomført ein konkurranse i tråd med strategien. Men hovudformålet med dei rammeavtalar som Vaksdal kommune inngår, er å fastsette kontraktsvilkåra for dei kontraktane som skal inngåast i løpet av den perioden rammeavtalen varer. Kontraktsvilkåra vil typisk vere om kva som skal leverast, prisar, leveringsvilkår og anna som er relevant for den ytinga rammeavtalen omfattar. Rammeavtaler vert som regel nytta til mindre jobbar som oppstår og vil ikkje leggje avgrensingar på større anskaffingar, t.d. byggeprosjekt, som vert lyst ut. Ein normal kontraktstid for ei rammeavtale vert sett i avtalen mellom kommunen og leverandør samt maksimale mengda og/eller maksimal verdi på avtalen . Når kommunen har inngått rammeavtale, kan det tildeles kontraktar med valt leverandør utan at det vert utlyst ny konkurranse. Kommunen er etter kontrakt er inngått forplikta til å nytte valt leverandør til det formålet som er beskrevet i konkurransen og i den tida rammeavtalen gjeld.